

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Det var 14 medlemmer tilstades. Rasmus Laupsa Rasmussen permisjon frå kl. 16:15.

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggforslag:

«Tilllegg etter pkt. 1 b

c. Det kan vere negativt for breidda i skuletilbodet ved Sogndal VGS å redusere frå tre til to grupper på studiespesialiserande. Likevel vert det vedteke fordi det var svært mange primærskolar til idrettsfag VG1 for skuleåret 2021/22

d. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot neste utlysing å arbeide fram løysingar for betre samhandling mellom skulane i Sogn om programfag slik at ein samla kan oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet. Auka bruk av digital undervisning vil kunne gjere samarbeid på tvers av skulane mogleg. Skulen må også vurdere nærare om ein for framtida kan tilby større breidde i idrettsfag gjennom både å tilby idrettsfag som fordjuping/valfag ved dei andre studieretningane, studiespesialiserande og yrkesfag. Her vil Hovudutvalet vise til samarbeidet mellom Høyanger og Årdal VGS om programfag, og at det vil vere naturleg at Sogndal VGS vert ein del og medverkar i dette samarbeidet. Med betre samhandling vil Sogn ha naudsynt elevgrunnlag for å oppretthalde eit breitt opplæringstilbod.»

**Emil Gadolin, A**, sette på vegner av A, SV, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggforslag:

«Tilleggsforslag

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere tal klassar ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala frem mot endeleg inntak dersom det er nødvendig, og dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivets behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.»

### Avrøysting

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse sitt forslag vart samrøystes vedteke (14 røyster).

Berthelsen sitt forslag fekk 9 røyster og vart vedteke mot 5 røyster ( 3 H, FrP og FNB).

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke (14 røyster).

### Vedtak

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 ved Sogndal vgs vert endra slik:

- a. Tilbodet på vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram vert redusert med ein klasse frå tre til to klassar.
- b. Tilbodet på Vg1 idrettsfag auka med ein klasse, frå ein til to klassar.

c. Det kan vere negativt for breidda i skuletilbodet ved Sogndal VGS å redusere frå tre til to grupper på studiespesialiserande. Likevel vert det vedteke fordi det var svært mange primærskolar til idrettsfag VG1 for skuleåret 2021/22.

d. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot neste utlysing å arbeide fram løysingar for betre samhandling mellom skulane i Sogn om programfag slik at ein samla kan oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet. Auka bruk av digital undervisning vil kunne gjere samarbeid på tvers av skulane mogleg. Skulen må også vurdere nærare om ein for framtida kan tilby større breidde i idrettsfag gjennom både å tilby idrettsfag som fordjuping/valfag ved dei andre studieretningane, studiespesialiserande og yrkesfag. Her vil Hovudutvalet vise til samarbeidet mellom Høyanger og Årdal VGS om programfag, og at det vil vere naturleg at Sogndal VGS vert ein del og medverkar i dette samarbeidet.

Med betre samhandling vil Sogn ha naudsynt elevgrunnlag for å oppretthalde eit breitt opplæringstilbod.

2. Nytt vedtakspunkt 5 til PS sak 19/21 - Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Det vert lagt til grunn at kostnadene vert dekkja innanfor avdelinga sitt driftsbudsjett.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere tal klassar ved den einskilde skule på grunnlag av søkjartala frem mot endeleg inntak dersom det er nødvendig, og dersom det ikkje fører til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivets behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.